

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

**REVISJON AV KONSESJONENE KNYTTET TIL ÅMELA KRAFT (094.1Z
Åmæla vassdraget).**

SAKA GJELD:


KRAV TIL AUKA MINSTEVASSFØRING I ÅHEIMSELVA

Det blir med dette sett krav til auka minstevassføring i Åheims elva, i samband med revisjon av konsesjonen til Åmæla Kraft (094.1Z Åmæla vassdraget). Dette for bl.a. å gje fleire høve til å bruke elva, til ulike former for rekreasjon bla. fiske, som i dag er avgrensa ved hyppige stengningar, som følgje av låg vasstand.

Åheimselva – bilde frå Fossane- god vassføring



Åheimselva – bilde frå Fossane- låg vassføring



Åheimselva

- Ei ettertrakta elv for sportsfiskar, der dei veit dei får fisk når elva er open.
- Den økologiske tilstanden er dei seinare år sterkt bedra (sjå pkt. 3 nedanfor)
- Streng regulering av fiske har gitt positive resultat med omsyn til bærekraft.
- Det er ikkje observert oppdrettslaks i elva.
- NIVA rapport slår fast at forureininga frå Sibelco As, er under kontroll.
- Jordskiftesak er på gang for å samle vassdraget under ein «paraply».
- Planar for å betre gyteforholda ligg føre. Lettare passasje av Rustefossen opnar for betre gyteforhold lenger oppe i elva.
- Sibelco AS har planar for utskifting av masse i småbekkane som grenser til vassdraget for å betre gytetilhøva for laks.

1. Bakgrunnen for søknaden

Engasjementet i bygda for å ivareta elva på ein god måte er stort. Dei 4 fiskehyttene langs elva er møteplassar, der erfaring vert utveksla og nye kontaktar vert knytt.

Sportsfiskarar uttrykker begeistring for elva, og vel denne fram for større elvar, då dei veit at sannsynlegheita for å få fisk er stor når elva er open for fiske.

Det er klasseforskjell for tilstanden i Åheims elva i dag i forhold til status for 10 år sidan. Det er ikkje påvist oppdrettslaks, haustinga er berekraftig og forureininga er under kontroll.

Vi ynskjer å vidareutvikle elva og venter på ei Jordskiftesak, som skal opne for samarbeid i heile vassdraget. Planer for å passere vanskelege parti (fossestryk) er planlagt, noko som vil gjje laksen langt betre gyteforhold.

Utfordringa vi møter i alt planarbeid er vasstanden og dei avgrensingane som ligg i bruken av elva grunna låg vasstand i sumarmånadane.

2. Avgrensing av vassdraget – tekniske opplysningar

(Henta frå Rådgivande Biologar AS si utgreiing i 2010)


Åheimsvassdraget/Gusdalselva renn ut i Vanylvsfjorden ved Åheim i Vanylven kommune - Møre & Romsdal (sjå kart). Opphavleg nedbørfelt var 66,4 km², men etter frå føring av eit felt på 4,6 km² i aust er nedbørfeltet no 61,6 km².

Middelvassføring er berekna til å vere 2,3 m³/s øvst på lakseførande strekning, 3,2 m³/s ved innløpet til Gusdalsvatnet, 4,1 m³/s ved utløp Gusdalsvatnet, og 4,9 m³/s ved utløp Åheimselva.

Den einaste innsjøen på lakseførande strekning er Gusdalsvatnet (44 moh, 0,67 km²).

Dei andre innsjøane i vassdraget som er større enn 0,1 km² er Grofslevatnet (145 moh), Grynnevatnet (154 moh), Vaulavatnet / Beklevatnet (235 moh), Skjevatnet (279 moh), Sætrevatnet (428 moh) og Slivatnet (455moh). I det frå førtे feltet ligg Kvanndalsvatnet (556 moh), Bjørnalivatnet (556 moh) og Svartevatnet (676 moh).

Nedbørfeltet består i hovudsak av fjell, myr, skog og jordbrukslandskap (Bruun 2001).



Nedbørfeltet er merka gult. Ein liten del i aust er overført til Dalsfjorden.

Vassdraget har ei samla anadrom elvestrekning på 7,5 km og eit produktivt areal på ca. 170 000 m². Dette er fordelt på 3 km i Åheimselva og 4,5 km i Gusdalselva + nokre hundre meter i Sunndalselva.

I tillegg kjem Gusdalsvatnet som har eit areal på 674 500 m² og ei strandlinje på 4,25 km.

Det er støypt ei gulpe trapp øvst i Åheimselva for å lette opp vandringsa for laksen. Denne vart etablert i 1981 (Bruun 2001). Det er få fysiske inngrep i vassdraget, men i nedre delar er vassdraget påverka av jordbruk og olivindrift. Det er etablert sedimenteringsbasseng som samlar opp partiklar frå olivindrifta.

3. Åmæla reguleringa - Regulering av vatn til Åheimselva.

Før reguleringa til Åmæla, er det mange som husker at vasstanden om sommaren var langt meir stabil, og høgare enn etter utbygginga.

Nedslagsfeltet er i området 4,7 – 4,9 km². Middel avrenning i dette området er ca. 107 l/s *km², så det er betydelige mengder vatn som no går til Dalsfjorden, mot tidlegare til Åheimselva. Berekningar vi har gjort kan tyde på at Tussa hentar ut 18,2 Gwh frå Kvanndalen.

Når det gjeld nedbør frå Kvandalen er 2/3 vinternedbør, medan avrenninga vert motsett, då det i Kvandalen er mykje snø og langsam smelting. Snøsmeltinga skjer i hovudsak i juni og juli når Åheimselva verkeleg har trong om vann, slik at fisken i elven får nå gyteplassane og fisket i elva kan skje lengre enn no, og likevel på ein bærekraftig måte.

Tussa opplyser at Kvanndalsfeltet utgjør 8,5 % av samla nedslagsfelt. Etter 1979 når demninga i Kvandalsvatnet og tunellen til Storlidvatnet vart bygd, er det minimalt med vatn frå Kvanndalsfeltet som har runne mot Åheimselva.

Konklusjon: Vi kan ikkje forstå at endringane i 1979 er i tråd med konsesjonsvilkåra, og i alle fall har endringane ført til ein vesentleg forverring av vassforholda i elva til skade for folk flest til å nyttiggjøre seg elva / vassdraget.

4. Fiske i Åheimselva

Fiskesesong	01.06-31.08
Antal skift pr døgn	4
Tillatt sal kort pr. skift	20
Tillatt sal kort pr. døgn	80
Tillatt sal kort pr veke	500
Pris pr. kort netto	150

	2014	2015	2016	2017	2018
Potensielle åpningsdøgn i sesongen	79	79	79	79	79
Åpa elv for ordinert fiske -døgn	24	16	20	25	31
% -vis open elv	30 %	20 %	25 %	32 %	39 %
Begrenset fiske / Berre flugefiske -døgn	7	15	15	32	5
Sum fiske i elva	31	31	35	57	36
% vis open elv i forhold til mulig	39 %	39 %	44 %	72 %	46 %
Kortsal	400	644	538	694	614

Antall fisk	2010	%	2011	%	2012	%	2013	%	2014	%	2015	%	2016	%	2017	%	2018	%
Laks under 3 kg	624	88,8	346	64,8	260	83,1	624	90	293	84,4	228	69,9	214	66,7	318	71,3	219	60,5
Laks over 3kg	48	6,8	152	28,5	44	14,1	40	5,8	24	6,9	67	20,6	76	23,7	92	20,6	118	32,6
Sjøaure	31	4,4	36	6,7	9	2,9	29	4,2	30	8,6	31	9,5	31	9,7	36	8,1	25	6,9
Sum	703	100	534	100	313	100	693	100	347	100	326	100	321	100	446	100	362	100

Antall kilo	2010	Snitt	2011	Snitt	2012	Snitt	2013	Snitt	2014	Snitt	2015	Snitt	2016	Snitt	2017	Snitt	2018	Snitt
Laks under 3 kg	1 017	1,63	723	2,10	412	1,60	725	1,16	454	1,55	364,8	1,60	337,60	1,58	515,6	1,62	374,3	1,71
Laks over 3kg	159	3,31	517	3,40	159	3,60	155	3,88	97	4,05	242,9	3,63	301,10	3,96	369,2	4,01	461,6	3,91
Sjøaure	44	1,42	44	1,20	11	1,20	26	0,90	25	0,82	35,9	1,16	28,10	0,91	24,2	0,67	7,2	0,29
Sum	1 220	1,74	1 284	2,40	582	1,86	907	1,31	576	1,66	643,6	1,97	666,80	2,08	909,0	2,04	843,1	2,33

Kommentarar:

- Sal av kort til grunneigarane er 44 stk. i 2018 eller 7,17 % av kortsaledet i 2018. Dette er eit normalt nivå, og for tidlegare år for Åheims elva. Brukarane av elva er i hovudsak interesserte frå kommunen, og tilreisande med interesse for rekreasjon gjennom fiske.
- I 2017 vart ein mindre del av elva (nedre del) halden open for flugefiske lenger enn vanleg. Ikkje alle som kjøpte kort nytta seg av kortet. Interessa for fiske fell når vasstanden er låg. Om vasstanden var slik at elva kunne haldast open for fiske, ei veke ekstra, ville nær dobbelt så mange som no kunne drive sportsfiske / nytta elva til rekreasjon. Rapporten nedanfor viser at elva / laksebestanden vil tåle dette.
- Etter reguleringane i nedslagsfeltet, er vasstanden lite stabil og nedbør avgjerande for vasstanden. Naturleg snøsmelting har ikkje effekt på elva som før reguleringane. Intenst regn fører til at elva raskt veks, og opphaldsver fører til raskt fall i vasstanden.

5. Gytebestand forvaltning i Åheimselva

Rapport frå «Vitskapeleg råd for Lakseforvaltning» 092.Z viser følgjande:

- Gytebestandsmål (kg hofisk): 468 (351 – 585)
- Naturleg bestandsstørrelse: Stor
- Kvalitet etter kvalitetsnorma (2010-2014): God
- Gytebestandsmål og haustbart overskott: God
- Genetisk integritet: Svert god / god
- Sans. for å nå gytemål siste 4 år: 99 %
- Prosentvis oppnåing siste 4 år: 100 %

- Haustbart overskott siste 5 år:	96 % av normalt overskott
- Totale uttak i 2017:	32 %
- Overbeskatning i 2017:	0 %

«Vurdering av beskatning:

Forvaltningsmålet er nådd for denne bestanden, og det har sannsynligvis vært et større høstbart overskudd enn det som har blitt utnyttet. Gytebestandsmålloppnåelse og høstbart overskudd 2013-17: Svært godt».

Konklusjon:

Forvaltning av elva er god. Det er mogleg å auke haustinga / beskatninga om vasstanden tillèt fleire fiskedøgn.

6. Forureining frå Sibelco AS

Ein ny rapport frå NIVA (Norsk institutt for vassforsking) er datert 04.11.2016.

Rapporten er bestilt av Sibelco Nordic AS og vert kalla «Overvåkning av avrenning frå dagbrudd».

I samandraget går det fram at dei biologiske data frå 2015 gjev ein god indikasjon på at det har skjedd ein positiv utvikling og betring i vassdraget sin vassmiljøstandard, samanlikna med undersøkingane i 2009 og 2001. Betringane vert knytt til tiltak som verksemda har gjort for å redusere avrenninga. For dei biologiske kvalitetselementa (botndyr og fisk) var det god eller svært god økologisk tilstand i Gusdalselva nedanfor bedrifta.

Vassførekomen oppnår ikkje miljømålet om god økologisk tilstand i fleire av sideelvane som drenerer bruddet. Noko uvisse knyter det seg og til nikelførekomen i elva nedanfor bruddet, som vil bli fult opp i seinare prøver.

Sibelco AS har sterkt fokus på forureining og har signalisert planar om å grave ut fleire sideelvar som drenerer bruddet. Dei vil i særnåd med miljøavdelinga på Fylket legge ut ny masse i elvane som er tilpassa gytefisken.

Konklusjon:

Samspelet med Sibelco er godt og dei viser vilje og evne til å gjere tiltak som gagnar elva og miljøet for laksen.

7. Planane vidare for vassdraget

Jordskiftesak.

Det er signalisert frå Jordskifteretten at dei er i gong med regulering av øvre del av vassdraget og revidering av bruksordninga for nedre del av Åheims elva. Straks heile vassdraget er regulert og ei ny bruksordning er klar, vil nye forvalningsplanar bli utarbeidde, slik at det gode forvaltnings arbeidet kan fortsette for heile vassdraget.

Styrking av gyteforholda.

Betre passering av «Rustefossen» for anadrome arter vil etter vårt syn kunne gje vesentleg betre gyteforhold i elva. Saman med Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin rådgjevar, Leif Magnus Sættem, er det utarbeidd planer for passasje av fossen.

Planteikningane er signert K. O. Myhre AS. Arealet på Hellebustflatene er serdeles godt eigna for fisk som skal gyte.

Vi vil dessutan innleie et nærmere samarbeid med Sibelco As, når det gjel rydding i sideelvane nær brotet, slik at fisken også der finn tenelege gyteforhold.

Samarbeid – Kompetent utvikling av anadrome artar.

Villaksen er som kjent truga, der vår elv så langt ikkje har vore utsett for dei store svingingane. Vi ynskjer å jobbe saman med «Lakseelvane på Sunnmøre» og «NINA» for å skaffe oss god oversikt over det biologiske mangfaldet i elva til beste for planarbeidet og forvaltninga. Saman med NINA og Rådgjevande Biologar tenker vi å nytte m.a. Elfiskeapparat, som eit hjelpemiddel, for å kartlegge mangfald, storleik, kjønn og vasskvalitet, som er interessant i planarbeidet / reguleringar / estimere gytebestanden. Det vil vere serdeles interessant om vi kan legge forholda til rette for å få auke bestanden av bl.a. aure til nivå vi tidlegare har hatt i elva.

Oppsummering.

Med den vasstanden elva har er det naud synt med streng regulering av elva. Normalt fiske er avgrensa til 20 – 40 % av det potensialet elva har. Fagfolk peikar på at det sannsynlegvis er eit større haustbart overskot, enn det som vert utnytta. Vi har konkrete planer om å betre gyteforholda, og skaffe oss eit betre fagleg grunnlag for forvaltninga.

Konklusjon: Det er vassføringa i elva som skaper avgrensingane for tiltak og interesse for å stå på vidare. Om elva kan haldast open 50 – 80 % av potensialet, ved å tilføre meir vatn til vassdraget, vil dette bety ei reinare elv for brukarane og rekreasjon for langt fleire. For leiarane i laget, vil dette skape større interesse for å stå på for villaksen og fortsette arbeidet med å utvikle elva, til beste for dei det ved rører.

Åheim Bygdeutvikling, representerer bygdefolket, og slutter seg til søknaden om å få meir vatn i elva. Ei høgare og stabil vassføring vil gje ei reinare elv og betre forhold for rekreasjon og fiske langs elva. Større aktivitet kan vere positivt for handelsstanden og utleie av overnatting for fiskerar.

Med vennlig helsing



Svein Thue

Forman Åheim Elveeigarlag



Stig Arne Ekremsæter

Stig Arne Ekremsæter

Formann Åheim Bygdeutvikling